

# Å Vestland Vestland

... når eg såg deg slik...

---

KNUT OLAV ASLAKSEN

«Å Vestland Vestland – når eg såg deg slik» er ei lettare omskriving av ein kjend hyllest til Vestlandet; naturen og kulturen mellom fjord og høge fjell. Men Vestlandet slik vi kjenner det, har ikkje alltid vore slik. Gjennom arkeologiske funn, kulturhistorisk gjenstandsmateriale, illustrasjonar og skriftlege kjelder kan vi «sjå» attende til eit anna Vestland - det som var, men som ikkje lenger er.



Fig. 1 | Frå Vassenden Jølster, ca 1939. Foto Robert Kloster, Universitetsmuseet i Bergen.

Interessa for den fjerne, men òg den nære fortida vart vekt av museumsgrunnleggjaren W.F.K. Christie tidleg på 1800-talet, og seinare følgd opp av andre tilsette ved Bergens Museum. Christie såg at kunnskapen om fortida var mangelfull og at spora forvittra dag for dag. Det var tid for å registrera, samla, granska og fortelja – det var her museet hadde sin historiske misjon. På direksjonsmøte 20. mars 1846 la Christie fram eit forslag om å oppretta ei samling av ... *huusholdnings-, Boeskabs-, Agerbruks-, Fiskeri-, Prydelses og andre Sager eller Redskaber, som Bøndenes og Fiskernes i Riigets forskjellige Egne bruge, men er av en saadan Art at de kunne ansees som nationale og altsaa tjene til at oplyse Formerne og Indretningerne av lignende Sager i Oltiden og Middelalderen* ... det som i dag er Universitetsmuseet si Bygdesamling.

Ifølgje konservator Robert Kloster (1905–79) var forslaget frå Christie ei radikal frigjering frå det konvensjonelle synet samtidia hadde på museumsoppgåver. Det var ikkje lenger berre på tale å samla minne frå ei fjern og «fornem» fortid. Det galdt no daglegdagse gjenstandar og reiskapar som ikkje trong å ha «alderens forsonende patina», berre dei framleis var i bruk blant bønder og fiskarar, og kunne vera eit bindeledd til fortida. Bergens Museum sitt samlingsarbeid starta altså fleire tiår før etnologiske samlarar som Arthur Hazelius (Nordiska Museet), Hans Aall (Norsk Folkemuseum) og

Anders Sandvig (De Sandvigske samlinger) starta arbeidet sitt. Dei første objekta i samlinga hadde Christie alt sikra seg, frå Førde i Sunnfjord og frå Skogsvåg i noverande Øygarden kommune, mellom anna ein «kvalboge» (armbrøst) og piler som vart nytta til fangst av Vågekval i Skogsvåg. Desse kan du i dag sjå i kvalsalen på Universitetsmuseet Naturhistorie.

Då nybygget til den historisk-antikvariske avdelinga (Historisk museum) vart innvigd 25. april 1927, var om lag heile 3.høgda sett av til museet si bygdesamling. Student Kloster hadde vore mellombels tilsett med oppstilling av samlinga, som var organisert topografisk i 11 rom. «Takhøiden er i de fleste av disse rum meget lav (2.40 m), og rummene er utstyrt med tregulv, begge deler av hensyn til gjenstandene, som helst bør utstilles under intime forhold, der så nogenlunde tilsvarer de oprinnelige omgivelser.»

### Kulturgeografisk registrering

Liknande tankar som dei Christie hadde hatt, må Robert Kloster sjølv har gjort seg 90 år seinare, då han i 1936 tok initiativ til ei kulturgeografisk registrering av bygdene på Vestlandet. Gjennom eit samarbeid med Stavanger Museum, lokale museum og tillitsfolk rundt om i distrikta, starta han eit omfattande arbeid med å registrera kulturlandskapet, ikkje berre slik det var like før krigen, men òg med etterblikk til midten av 1800-talet, i tida før utskiftinga og det store hamskiftet i landbruket. Her var framleis informantar som kunne fortelja, og spor å finna som gjekk langt attende i tid - til eit tradisjonsbunde fiske- og jordbruksamfunn som på mange måtar var lite endra gjennom hundreåra.

Innhald	
<u>Kledningssage</u>	a. fo manfolk 7 no
	b. - gressfrik 29 -
<u>Linnedtykker</u>	5 -
<u>Smykker</u>	a. alt bon om halen 5 -
	b. alt fast i byttet. 28 -
	c. fingeringe 2 -
	d. skrapantur. 10 -
<u>Litshetter</u>	33 -
<u>Vær- &amp; grunndykkere</u>	9 -
<u>Sy- &amp; strikkesselskab</u>	17 -
<u>Teppe, Tapete</u>	9 -
<u>Møbler</u>	a. stole 2 -
	b. tafelletter og bænkusen 3 -
	c. skin o bonner 5 -
	d. økse o kniper 6 -
<u>Husholdningsd</u>	a. øter 5 -
	b. slere 2 -
	c. rope 1 -
	d. torner 3 -
	e. skeer 12 -
	f. takstue o fer 5 -
	g. skuler 9 -
	h. knuse og tue 7 -
	214.
<u>i. økoller og skoler</u>	14 no
<u>k. mørkt drikkevann</u>	11 -
<u>l. ambere</u>	1 -
<u>m. snørkande m.m.</u>	9 -
<u>n. stiger o lamper</u>	4 -
<u>o. kurve</u>	2 -
<u>p. bærekledde</u>	1 -
<u>q. mangefabels o styrne</u>	9 -
<u>r. berberstoline</u>	2 -
<u>s. vægredskabe</u>	29 -
<u>Kvise o knivslede</u>	12 -
<u>Musikketab i ettrumma</u>	5 -
<u>Tobakspiber</u>	4 -
<u>Snakhorn</u>	10 -
<u>Knuthorn</u>	3 -
<u>Skie o Tong</u>	3 -
<u>Stave, økelle</u>	3 -
<u>Lanse</u>	4 -
<u>Nygningsselskaber</u>	1 -
<u>Kjøk- o matst</u>	14 -
<u>Agerbygningsselskaber</u>	35 -
<u>Bæder o bider-selskaber</u>	2 -
<u>Eikenrøkka</u>	12 -
<u>Hvitunge-selskaber</u>	33 -
	437

Fig. 2 | Tidleg katalog over bygdesamlinga. Foto Sonja Innselset, Universitetsmuseet i Bergen.



Fig. 3 | Deler av bygdeutstillinga ca. 1900, Foto ukjend, Universitetsmuseet i Bergen

Kloster sin nærmeste medspelar i dette arbeidet var godseigar Gert Falch Heiberg (1871–1944) på Ambla i Sogn, som i 1905 hadde grunnlagt *De Heibergske Samlinger, Sogn Folkemuseum* som mellom anna har ei eineståande samling av eldre jordbruksreiskapar. Frå 1932 og til Heiberg gjekk bort i 1944 utvikla det seg eit nært fagleg, men òg eit personleg samband mellom dei to. Det kjem tydeleg fram i korrespondansen mellom dei som finst i arkiva til Universitetsmuseet og De Heibergske samlinger, Fylkesarkivet.

### Metodisk nybrott

Med stønad frå Statens Vitenskapelige Forskningsfond utarbeidde Kloster i samråd med Heiberg (Sogn), lærar Ola Sande (Nordfjord), lektor Andreas Leiro (Voss), journalist Heming Skre (Haugesund) og konservator Harald Hals (Stavanger) fleire omfattande spørjeskjema som vart sende ut til dei lokale musea, og til eit breitt kontaktnett av rundt 120 frivillige medarbeidarar i distrikta. Slik fann rundt 6000 skjema vegen ut til gardar og brukarar over heile Vestlandet, frå Sunnmøre i nord til Rogaland i sør. Emna som vart tekne opp, konsentrerte seg om tun og tunskipnad, husbygging, eldstadar, husbunad (innbu) og drakt. Metodisk var dette eit nybrokke arbeid innan kulturminneforskinga. Her kombinerte ein feltarbeid med kartografisk registrering og bruk av strukturerte spørjeundersøkingar. Det var nytt i Noreg, medan slike metodar alt vart nytta av svenske etnologar som til dømes av Sigurd Erikson med Nordiske Museet.

I artikkelen «Innberetning om Kulturgeografiske registreringar på Vestlandet» i Bergens Museum si årbok for 1943 presenterer Robert Kloster og Borghild A. Frimannslund,

I. 362.

Kulturgeografisk registrering på Vestlandet

Hovudadresser: Bergens Museum og Stavanger Museum

SVAR

til Spyreskjema I: Tun og tunskipnad.

Gardsnummer (g.nr.) 19 Henn bruksnummer (br.nr.) 6  
 " 29 Lid Kraam herad, Hordaland fylke.  
 Garden heter Henn eigar He T. Henn  
 brukar He T. Henn meldar He T. Henn

Åre uttakfning 1890 (Kart av 1889) var bebyggingsi  
 salis torn og støpejern av uttakfninga dantek  
 bygn. På garden Henn var da 3 tun (Nestum,  
 Uppi-linn og Frannitum) med i alt 6 buntar i  
 tunn, 4 buntar i Uppetun og 2 buntar i  
 Franni-tun og so 2 buntar på garden Lid  
 som hadde byggt so i seg å i same tunn.  
 Bebyggingsi lag fra gammal salis at kart av dette  
 tunn har altså vært mens elles bygget tell innleie ein  
 annan. Dette gjør at denne hus var bygde i tilkombla  
 av alt innviande som høyste til hoved tunn.  
 Det var so i seg selv inngenting at av bebyggingsi  
 denne tunn ikke elles tilfyllte i 90 år.

Denne asasjons nemnde Kart-eogn med innbygg  
 tunn som slott i tverrl.

II Tunet lag pa rygg (lag haug). Elige million tunn  
 gikk nord-aust etter høye av ryggen osleis  
 at sei av aust-sida, Uppi Verlaida og Gardun Lid  
 den øvre delen av tunn.  
 Alle tunots tun var samla mest omogleg på del  
 høgste punkt av leire, Lede og ulike lag over  
 på ulikt nivale og modt liggan.  
 Om vegar i tunn sja okira.

Fig. 4 | Registreringsskjema for grn 19 bnr 6, Steine i Kvam.

som var sekretær for programmet, mellombels resultata av kartlegginga. Dei skriv om utfordringane i arbeidet med å gjennomføra ei slik stor omfattande undersøking, ikkje minst det krevjande arbeidet med å tilarbeida all informasjonen. Det var særleg materiale knytt til tun og tunskipnad og husbygging som då som var kome inn. Materiale frå dei kulturhistoriske registreringane frå 1930-talet av, er ei rik kjelde til kunnskap om byggjeskikken på Vestlandet frå før det store hamskiftet i jordbruket og utskiftingane på 1800-talet, og fram til midten av 1900-talet. Dei siste 70 åra har materialet hatt sin tornerosesevn i grå arkivboksar, men vert no digitalisert og gjort tilgjengeleg av Fylkesarkivet til glede for alle historieinteresserte.

## Foto og filmdokumentasjon

Under krigen stoppa innsamlingsarbeidet delvis opp, men



Fig. 5 | Teikning over Steine/Lied før utskiftinga i 1889.

nokre år seinare vart det vidareført mellom anna gjennom Program for registrering av bygdehandverk på Vestlandet (1948), finansiert av *L. Meltzers Høyskolefond* og leia av konservator Per Gjærder. I samband med dette prosjektet vart det mellom anna produsert fleire filmar som dokumenterte tradisjonelle arbeidsprosessar, under serietittelen «Universitetet i Bergen Kulturfilm». Kortversjonar av desse filmane vart distribuerte gjennom Statens filmsentral til bruk for skuleverk og opplysningsorganisasjonar.

Om lag samstundes tok Robert Kloster initiativ til «Havråfilmen», ein film som dokumenterte livet på den siste einbølte garden på Osterøy, gjennom ein heil årssyklus. 7. oktober 1948 var det møte mellom Kloster på vegner av Kulturgeografisk registrering på Vestlandet og statssekretær Helge Sivertsen i Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Sivertsen må ha blitt overtydd om kor viktig dette filmprosjektet var, for det opna seg dører til finansiering gjennom Statens filmråd og produksjonsselskapet Norsk Film AS. Regi og foto var ved Sigurd Agnell, medan manusførelegg vart laga av den lokale medarbeidaren Johs. Revheim, som sidan vart initiativtakar og styrar for det noverande Hordamuseet. Havråfilmen er eit unikt stykke dokumentasjonsarbeid i seg sjølv, òg sidan supplert gjennom magistergradsoppgåva til etnologen Brita Skre som var forskingsassistent på prosjektet, og som levde saman med folka på Havrå i 1949–50 då filmen vart teken opp. Filmen finst i to versjonar; ein kort kinoversjon (Havråtunet, 1956, 1:07) med musikk av Harald Sæverud, og ein lengre etnologisk forskingsdokumentasjon (Havretunet, 1950,



2:10), med skildring av årsyklus, tradisjonar, verktøy, arbeidsformer, byggjeskikk, ord og uttrykk.

Kulturhistorisk fotomateriale etter både Kloster og Gjærder og andre tidlegare tilsette ved museet finst i Universitetsmuseet sin fotobase på Digitaltmuseum.no

### Professorat i norsk folkekunst

I perioden 1949 til 1964 var Kloster direktør for Vestenfjeldske kunstindustrimuseum (no Kode 1) og med det mindre sentral i det kulturgeografiske arbeidet ved Historisk museum.

I 1964 vende han attende til Universitetet i Bergen som den første professoren i kunsthistorie, eit «Professorat i kunsthistorie med særlig plikt til å forelese over norsk folkekunst», og knytt til det kulturhistoriske arbeidet ved Historisk museum. Tanken var at kunsthistoriefaget ved UiB skulle spesialisera seg på folkekunst, i tillegg til å gje undervisning i den meir allmenne kunsthistoria.

Bindeleddet mellom museet og fylket var i mange år tidlegare fylkeskonservator Nils Georg Brekke. Han var Kloster sin første kunsthistoriestudent og skreiv magisteroppgåva si om rosemåling i Hardanger. På ulike vis har han ført vidare

Fig. 6 | Steinsdalen med Steine og Lied ca 1910.  
Foto Torstein Lofthus, Universitetsmuseet i Bergen.



*Fig. 7 |* Frå filmen Havretunet, 1950. Foto Sigurd Agnell, Norsk Film AS.

arven frå det kulturhistoriske registreringsarbeidet, mellom anna gjennom arbeidet som fylkeskonservator, leiar for Kulturlandskapssenteret i Hordaland, og som initiativtakar til publikasjonar som Kulturhistorisk vebok for Hordaland og den digitale kunnskapsportalen Grind, som vert drifta av Universitetsmuseet og er museet si ‘mest vitja’ «utstilling» med i snitt 600 daglege besøk.

#### **Bygningsregistrering og teikningsarkiv**

Frå 1963 hadde museet konsentrert seg om bygningsregisteringar av hus med tilknyting til sjøbruk slik som sjøbuer, rorbuer og naust og hus relaterte til utmarksbruk som seterhus og utløer. Begge desse kategoriane stod i faresona og




Fig. 8 | Frå Teikningsarkivet etter Bergens Museum, Fylkesarkivet i Vestland.

var utsette, grunna omlegging av driftsformer og endringar i liv og levemåte. Registrerings- og oppmålingsarbeidet vart mellom anna utført av arkitektstudentar frå NTH i Trondheim og Arkitektskulen i Oslo, og finansiert av Meltzerfondet. I 2007 overførte Historisk museum eit omfattande teikningsarkiv til fylkesarkivet. Materialet går heilt attende til tida rundt første verdskrigen og er truleg opparbeidd delvis i samarbeid med Fortidsminneforeininga si Bergensavdeling som museet i alle år hadde eit næraast symbiotisk forhold til, grunna konservatorane sine sentrale tillitsver i foreininga.

### Kulturinventar

I 1969 tok museet i samarbeid med fylkeskonservatorane i Hordaland og Sogn og Fjordane (1972) fatt på registrering av husbunad. Dette var ein del av det opphavelege kultурgeografiske registreringsprogrammet frå 1936 som enno ikkje var fullført. «En slik kulturinventarregistrering på bygdene må i likhet med registrering av bygninger og bebyggelse sees på som et redningsarbeid som det haster med å få utført. En har like opp til våre dager kunnet vente å finne betydelige mengder forskjellige slags gjenstander som kan tjene som kriterier på lokale og regionale kulturgrenser. Dette forhold er i rask endring. Med den økende velstand som trenger inn i de mest avsidesliggende strøk, følger gjennomgående moderniseringer.», skriv Per Gjærder til Kulturrådets folkekunstutvalg i 1974.

Registreringane omfatta all slags inventar, som treskurd, rosemalning, vevning, beslagarbeid, møbelkunst og innreiingsarbeid, og vart sidan systematisert i typologiske og ikonografiske grupper. Registreringsarbeidet vart i stor grad utført

Fig. 9 | «Kulturinventar» frå Sunnfjord ca. 1939, Foto Robert Kloster. Universitetsmuseet i Bergen.



av studentar som del av den faglege skoleringa innan ulike kunst- og kulturhistoriske fagområde. Også dette arbeidet vart finansiert av Meltzers Høyskolefond, i samarbeid med dei to vestlandsfylka. Utgangspunktet var eit ønske om å supplera museumsamlingane med eit oversyn over gjenstandsaterialet og handverkstradisjonar på bygdene, for å setja museumsmaterialet inn i sin rette samanheng. «Med sine nær 13.000 nr. er bygdesamlingen kvantitativt den største samling i museet», skriv Gjærder.

Fig. 10 | Bygdesamlinga i nye magasiner. Foto Knut Olav Aslaksen. Universitetsmuseet i Bergen.



### Samlingar og arkiv for forsking og lokalhistorisk gransking

Det er eit omfattande og rikt materiale som er samla inn ved Universitetsmuseet gjennom 140 år – frå 1846 til 1986. Då sluttta historikaren Jan Henrik Munksgaard ved Historisk museum, som den siste vitskapleg tilsette med ansvar og fagleg interesse for Bygdesamlinga og det norske etnologiske materialet. Kanskje er tida no inne for å reaktivera dei omfattande arkiva og samlingane, og invitera forskrarar og studentar til å vinna ny kunnskap av gammalt materiale – om vår «fjerne og nære fortid». Det ville nok ha glede både Christie og Kloster, og dei mange andre som gjennom sitt engasjement og sitt virke har vore med å ta vare på viktige delar av den vestnorske kulturarven.

### KJELDER

- BM årsberetning 1926–1927
- BM årbok 1937
- BM årbok 1943
- BM årbok 1945
- Korrespondansearkivet etter Kulturgeografisk registrering på Vestlandet, Universitetsmuseet
- Svarskjema etter Kulturgeografisk registrering på Vestlandet, Fylkesarkivet i Vestland

Teikningsarkivet etter Bergens Museum, Fylkesarkivet i Vestland  
Arkivet etter De Heibergske samlinger, Fylkesarkivet i Vestland  
Arkivet etter Norsk Film AS, Nasjonalbiblioteket  
Gjerdåker Skre, Brita. Havråboka – soga om ein gammal gard på Osterøy. Stiftinga Havråtunet, 1994.  
Fotoarkivet, Universitetsmuseet

Knut Olav Aslaksen,  
Seniorrådgiver